NORSK utgave

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2140/98

av 6. oktober 1998

om endring av forordning (EØF) nr. 1014/90 om gjennomføringsregler med hensyn til definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 1576/89 av 29. mai 1989 om alminnelige regler om definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker([1]), sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 6, og

ut frå desse synsmåtane:

I kommisjonsforordning (EØF) nr. 1014/90([2]), sist endra ved forordning (EØF) nr. 2523/97([3]), er det fastsett gjennomføringsreglar for definisjon av, nemning på og presentasjon av alkoholsterke drikkar. For å verne den tradisjonelle drikken "Bierbrand" eller "Eau-de-vie de bière", som kan vere søta eller ikkje i samsvar med nasjonale tradisjonar, mot illojal konkurranse, og for å halde ved lag eit høgt kvalitetsnivå for denne drikken, bør dette uttrykket nyttast berre om den alkoholsterke drikken som er definert i vedlegget til denne forordninga.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Gjennomføringsutvalet for alkoholsterke drikkar —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I vedlegget til forordning (EØF) nr. 1014/90 skal nytt nr. 13 lyde:

"13. "Bierbrand" eller "eau-de-vie de bière":

En alkoholsterk drikk som

— er framstilt utelukkende ved direkte destillasjon av ferskt øl med en alkoholstyrke i volumprosent på høyst 86, slik at det oppnådde destillatet får ølets organoleptiske egenskaper,

— har en alkoholstyrke i volumprosent på minst 38 % for å kunne leveres til konsum i Fellesskapet."

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 6. oktober 1998.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 270 av 7.10.1998, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 67/1999 av 28. mai 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

([1]) TEF L 160 av 12.6.1989, s. 1.

([2]) TEF L 105 av 25.4.1990, s. 9.

([3]) TEF L 346 av 17.12.1997, s. 46.